



Siste øving før generalprøva i Kulturhuset

Bruremarsjar har vorte noko bortimot signaturlåtar for det Uskedalen-baserte koret Røysterett for alle og ikkje overraskande blir syklusen dei skal framføra under Folkemusikkveka både innleia og avslutta med ein bruremarsj. Men ellers er både reinlendar, hambo, polsk, tango og vals representert og det illustrerar den store spennvidda i verket som tek halvannan time og må karakteriserast som mektig. Maria Malmsten har jobba lenge med å skapa Grendastev, mytespinn og fjordtrallar som får si urframføring i Kulturhuset på Husnes torsdag til veka og som i høgaste grad famnar vårt lokalsamfunn og difor fortener godt besøk,

uskedalen.no var fluge på veggen under siste øvinga før generalprøva onsdag og kan melda at syklusen med ord, tonar og dans sit som ein innertiar og illustrerar kor utruleg allsidig dette koret er under Marias sprudlande leiing.

Det gjeld også aldersspennet som går frå 16 år gamle Birte til Erna på 83.

Det er også all grunn til å trekkja fram Svein Rimestad som har skreve teksten til 4 av dei 12 numra og som blir ein konferansier eller kanskje heller stemningssettar millom songane. Koreograf Magdalena From Dells har fått mykje ut av danseføttene i koret medan det musikalske blir godt ivareteke av Tiril Eirunn Einarsdotter på fele, Haldor Tveit på trekkspel og Stein Haugen på bass.

Her er programmet:

* Bruremarsj frå Herøysundet til Uskedalen

* Gangar frå Seim

* Reinlendar på Herøysundmåten

* Det lokkar og leikar

* Polsk frå Stord

* Vals på Musland

* Båsull for ein bytting

* Barnet

- * Tango for ærverdige damer
- * Skogsmannens hambo
- * Bøn (tekst Garborg)
- * Bruremarsj til vidda



Birte Nybakk (på kista) er med sine 16 år yngst i koret

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tango for dei ærverdige



Reinlendaren går på Husnes-scena